



***PROTOKOLL***

***FRA***

***STYREMØTE***

***23. APRIL 2014***

***(4/14)***

Det blei halde styremøte i Fiskarlaget Vest tirsdag 23. april 2014, kl. 1115 på Augustin Hotel i Bergen.

Følgjande deltok:

Kåre Heggebø, leiar  
Mons Eivind Troland, nestleiar (1100-1600)  
Helge Olav Vikshåland (1130-)  
Daniel Stenevik  
Jarle Glesnes  
Frank Midtbø  
Knut Arne Torget

Styremedlem Finn Magnus Alvestad, og hans varamenn, var hindra i å delta.

Kontrollnemnda: Jakob Magnar Jakobsen, leiar

Administrasjonen: Dagleg leiar Britt Sæle Instebø

- - - - -

Følgjande saksliste blei lagt fram for styret:

- SAK 21/14      Evaluering av sjølovens reglar om undersøking av sjøulykker.
- SAK 22/14      Forslag om å oppheve kravet om eigarfellesskap ved tildeling av strukturkvote i havfiskeflåten m.v. – organisasjonsmegiggig handsaming.
- SAK 23/14      Strukturkvoteordningar i fiskeflåten – vidare vurderingar – anmoding om innspel frå medlemslaga.
- SAK 24/14      Tildelte rekrutteringskvoter 2010-2014.
- SAK 25/14      Raudlista artar.
- SAK 26/14      Krepseteiner i reketrålfelt.
- SAK 27/14      Bruk av overtredelses gebyr.
- SAK 28/14      Regulering/kvotefastsettjing av tobis 2014.
- SAK 29/14      Regulering av øyepål 2014.

- SAK 30/14 Mineraloljeavgiften – revidert nasjonalbudsjett.
- SAK 31/14 Forureining fra oppdrett – m.a.pellets i sei.
- SAK 32/14 Pålagt rapportering av reiskap i fiske etter breiflabb og blåkveite.
- SAK 33/14 Regulering av fisket etter torsk nord for 62°N, open gruppe – ekstrakvote i virkeområdet til Sametingets søkerbaserte tilskuddsordning.
- SAK 34/14 Rekneskap 2013, førebels.
- SAK 35/14 Rekneskap pr. 13.04.2014, førebels.
- SAK 36/14 Auka bemanning på kontoret?
- SAK 37/14 Rekneskapsføring – Visma?
- SAK 38/14 Representasjon
- SAK 39/14 Oppnemning
- SAK 40/14 Fiskarpensjon – periode for uttak, etterlysing av svar.
- SAK 41/14 Årsmøte i 2015.
- SAK 42/14 Oppfølging av lokallag.
- SAK 43/14 Orienteringssaker
- SAK 44/14 Administrativt handsama saker.
- SAK 45/14 Referatsaker.
- SAK 46/14 Reglar ved levering av fisk utanom opningstidene – vidare handsaming.
- SAK 47/14 Bruk av leppefiskteiner ved elvemunningar.
- SAK 48/14 Bemanningsforskrifta – purring.

SAK 49/14 Fornying av sertifikat - purring.

-----

**SAK 21/14 EVALUERING AV SJØLOVENS REGLAR OM UNDERSØKING AV SJØULYKKER.**

**VEDTAK:**

«Styret meiner at det er positivt at ein har ein fast kommisjon som handsamer ulykker til sjøs under Statens havarikommisjon for transport (SHT).

Formålet med undersøkelser av sjøulykker er å kartlegge forhold av betydning for å forebygge nye ulykker og alvorlege hendingar, og for å betre sjøtryggleiken generelt.

Styret meiner at søker etter omkomne på havet må ha like stor merksemd og intensitet som ved ulykker på land.

For at arbeidet med søker skal kunne kome snarast mogeleg i gang, og vere enklast mogeleg, må ein ha lett tilgjengeleg godt eigna utstyr.

**Styret i Fiskarlaget Vest meiner at kystvaktfartøya må kunna nyttast til slike oppdrag, og at dei dermed må rustast opp med godt leiteutstyr, dvs. gode ekkolodd, ROV o.l..**

Styret er kritisk til at ein ikkje kan påklage «undersøkelsesmyndigheten» si avgjerd i høve om det skal foretakast undersøkelsar, jf. § 476, «Iverksetjing av undersøkelse» i Lov om sjøfarten (Sjøloven).»

**SAK 22/14 FORSLAG OM Å OPPHEVE KRAVET OM EIGARFELLESKAP VED TILDELING AV STRUKTURKVOTE I HAVFISKEFLÅTEN M.V. – ORGANISASJONSMEGGIG HANDSAMING.**

**VEDTAK:**

«Styret i Fiskarlaget Vest har ikkje merknader til oppheving av kravet om eigarfellesskap ved tildeling av strukturkvote i havfiskeflåten.»

**SAK 23/14 STRUKTURKVOTEORDNINGAR I FISKEFLÅTEN – VIDARE  
VURDERINGAR – ANMODING OM INNSPEL FRÅ MEDLEMSLAGA.****VEDTAK:**

«Styret i Fiskarlaget Vest viser til brev av 02.04.14 frå Norges Fiskarlag vedkomande «Strukturkvoteordninger i fiskeflåten – videre vurderinger – anmodning om innspill fra medlemslagene.»

Styret har nyleg hatt til høyring auka struktur for pelagisk trål, og det er venta høyringssaker i høve auka struktur i ringnotgruppa og i kystgruppa m.a. under 11/13 m. Ein føreset at medlemslaget får desse til ordinær høyring.

Styret i Fiskarlaget Vest meiner prinsipielt at strukturering, er eit godt verkemiddel for auka lønsemrd, men det er òg viktig at ein ikkje strukturerer berre for struktureringa sin del.

Styret i Fiskarlaget Vest meiner at om ein skal ha struktur/auka struktur i ei flåtegruppe må i alle fall heile landet ha like mogelegeheter dvs. m.a. ingen fylkesbinding, elles blir flåten her sør heilt utarma.

Styret meiner at det er ei myte at vestlendingane stjal kvotane frå nord når det gjeld torsk nord for 62°N. Den fisken blir levert i nord uansett kven den blir fiska av.

I tillegg vil ein vise til at i dei siste åra har mange makrellrettar gått frå sør til nord, pga. at makrellen sitt utbreiingsområde har endra seg.

Auka struktur vil føre til reduksjon i antal båtar og antal fiskarar. Strukturen på flåten vil i tillegg til fiskerimiljøa òg ha påverknad på anna næring langs kysten, m.a. mottaksstrukturen (vanskelegare å få levert for dei minste ved få mottak) og servicebedrifter (verksted/bøteri/leverandørar).

Styret i Fiskarlaget Vest meiner at det er viktig å få belyst desse verknadene når ein i framtida skal ta stilling til både struktur i havfiskeflåten og kystgruppa, spesielt under 11/13 m som er ei gruppe som ikkje har hatt struktur før.

**Styret i Fiskarlaget Vest meiner dermed at lønsemda i dei ulike gruppene må vurderast og at det må utarbeidast ei konsekvensutgreiing (KU) for å belyse m.a. ovannemnde.**

I ei slik KU må ein òg vurdere kva konsekvensar ulike grenseskilje for struktur vil ha, t.d Finnmarksmodell, fast grense på 15 m osb.

I dei andre flåtegruppene t.d. pelagisk trål/ringnot er det foretatt undersøkingar/prøveavstemmingar i høve kor mange som er for og i mot auka strukturering. Kanskje ein burde gjort noko slikt òg i kystgruppa?

Styret i Fiskarlaget Vest meiner òg at kravet om kondermning av fartøy må fjernast.»

## SAK 24/14 TILDELTE REKRUTTERINGSKVOTER 2010-2014.

### VEDTAK:

«Styret i Fiskarlaget Vest viser til følgjande frå Fiskeridirektoratet sin «Fiskefartøy og fiskarar, konsesjonar og årlege deltakaradgangar, 2013»:

- Årlege deltakaradgangar i botnfiskeri, 2013 er:
  - Totalt 1899 fartøy under 28 m som fiskar **torsk, hyse og sei** med konvensjonell reiskap nord for 62°N.
- Årlege deltakaradgangar i pelagiske fiskeri, 2013 er:
  - Totalt 170 fartøy under 13 m som fiskar **makrell** med not.
  - Totalt 44 fartøy mellom 13-21,35 m som fiskar **makrell** med not.
  - Totalt 164 fartøy under 13 m som fiskar **makrell** med garn/snøre.
  - Totalt 47 fartøy mellom 13-21,35 m som fiskar **makrell** med garn/snøre.
  - Totalt 324 fartøy under 27,5 m som fiskar **nvg-sild** med not.
  - Totalt 89 fartøy under 21,35 m som fiskar **nordsjøsild** med not.

Nedanfor er tabell over tildelte rekrutteringskvotar:

Rekrutteringskvotar	Torsk nord konv u/28 m	nvg-sild	makrell not	makrell konvensjonell	sum totalt
2013, frå 2014	17	1	4	1	23
2012, frå 2013	7	1	2		10
2011, frå 2012	8		2		10
2010, frå 2011	10				10
2009, frå 2010	11				11
<b>SUM 2009-2013</b>	<b>53</b>	<b>2</b>	<b>8</b>	<b>1</b>	<b>64</b>
Rettar 2013	1899	324	214	111	2548

Ein konstaterer at det er delt ut 64 rettar i lukka fiskeri i høve rekrutteringsføremål i perioden 2009-2013, dvs. at 2,5% av rettane er rekrutteringskvotar i 2013.

Dei første åra blei det delt ut 10-11 rekrutteringskvotar pr. år, medan det i 2013 blei delt ut heile 23 kvotar, dvs. at 0,9% blei utdelt i 2013.

Styret i Fiskarlaget Vest vil gjere merksam på at det for nokon år tilbake blei innført kondemnerings-/strukturordninga i næringa , der næringa betalte 50% av kostnadene i form av ei avgift, for å ta ut kapasitet av næringa. Når no fiskeristyresmaktene tildeler rekrutteringskvotar av kyst sin andel meiner styret i Fiskarlaget Vest at næringa er blitt ført bak lyset, og i tillegg så utholar det strukturordninga i gruppa.

Styret i Fiskarlaget Vest er svært bekymra om fiskeristyresmaktene har tenkt å fortsetje denne trenden, og ein går dermed sterkt imot at det skal tildelast fleire slike rekrutteringskvotar.

Om fiskeristyresmaktene likevel fortsatt har tenkt å dele ut slike rekrutteringskvotar må kvoten takast av totalvoten før fordeling mellom gruppene.

Styret i Fiskarlaget Vest, og Norges Fiskarlag, har føreslege at ein heller bør etablere gunstige finansieringsordninga i høve rekruttering, og det står styret fortsatt ved.

Styret i Fiskarlaget Vest ber Norges Fiskarlag følgje opp saka.»

#### **SAK 25/14 RAUDLISTA ARTAR - FORSKINGSFISKE.**

##### **VEDTAK:**

«Styret i Fiskarlaget Vest viser til at det er fleire artar som er ført på raudlista i Norge, utan at det er forska på arten i våre område, t.d. ål (CR- kritisk trua), pigghå (CR), blålange (EN- sterkt trua).

I «Havforskningsrapporten 2014» står det m.a. under Pigghå:

«I fremtiden vil det derfor være aktuelt med meir målrettet prøvetaking og forsking på pigghå for å skaffe til veie den nødvendige kunnskapen for ansvarlig forvaltning av bestanden.»

Om ål står det m.a.:

«For å beskytte ålen ble det laget en forvaltningsplan for ål i 2008. Fleire kunnskapsbehov ble identifisert, blant annet nødvendigheten av å undersøke den delen av populasjonen som forblir i saltvann. Forvaltningsplanen førte til

en beslutning om betydelig redusksjon i fangst av ål, og kvoten ble satt til 50 tonn.»

Det har vore importforbod til EU av ål, og det har dermed ikkje vore fiska ål av kvoten på 50 t.

Lange og blålange står ikkje nemnd under «Ressurser» i rapporten for 2014. I «Havforskningsrapporten 2013», under «Lange, brosme og blålange» står m.a.:

«Sjølv om lange, brosme og blålange fiskes i store deler av Nord-Atlanteren, er det liten toktaktivitet på disse artene. Informasjonen vi har om dem fås stort sett frå fiskeriene.

...For blålange anbefales en stopp i det direkte fisket, stenging av gyteområder og tekniske reguleringstiltak for å redusere bifangst i blandingsfiskerier.»

Det står ikkje nemnd noko spesielt i høve kystfisket (bifangst 10%).

Styret i Fiskarlaget Vest er kritisk til at Norge fører ulike artar på raudlista, utan at det er forska på arten i våre område.

Det at ein art kjem på raudlista, gjer at den blir strengt regulert i høve til fiske. Det er òg strenge reglar i høve til å få endra reguleringane slik at ein kan auke uttaket.

For at ein skal kunne få med seg endringar i dei ulike bestandane, både oppgang og nedgang, må ein vite kva biomassa er i utgangspunktet. Det er viktig å ha med seg at det ikkje er sikkert at det er realistisk å ha same nivå på enkelt bestandar i dag, som for 50-60 år sidan.

Det er derfor viktig at ein snarast startar opp med ein forskningsfangst både på ål, pigghå og blålange, slik at ein kan få med seg trenden i bestanden langs kysten og inne i fjordane.

Ein vil òg minne om at det no blir betalt inn forskingsavgift av all fangst, så sjølv om det er svært viktig å forske på dei store bestandane må ein òg ha best mogeleg oversikt over dei mindre bestandane.

Styret i Fiskarlaget Vest meiner at det må setjast ned ei fast arbeidsgruppe bestående av fiskarar, forvaltinga og Havforskningsinstituttet for å vurdere forslag til reguleringar på artar som er/står i fare for å kome på raudlista i Norge eller elles.

Styret i Fiskarlaget Vest meiner òg at forvaltinga av ål må overførast til Nærings- og fiskeridepartementet.

Styret i Fiskarlaget Vest ber Norges Fiskarlag følgje opp saka.

Kopi til Havforskningsinstituttet, Nærings- og Fiskeridepartementet og  
Fiskeridirektoratet, Direktoratet for Naturforvalting.»

**SAK 26/14 KREPSETEINER I REKETRÅLFELT.**

**VEDTAK:**

«Styret i Fiskarlaget Vest finn å ville be om eit møte med Fiskeridirektoratet vedkomande ovannemnde sak snarast.  
Administrasjonen blir bede om å ta kontakt med Fiskarlaget Sør, for å høyra om ein skal be om eit felles møte med Fiskeridirektoratet om saka.

Styret i Fiskarlaget Vest oppnemner, i tillegg til leiar Kåre Heggebø og dagleg leiar Britt Sæle Instebø, Onar Gudmundsen og Reidar Geitung, med varamenn Olav Endre Drønen og Sigurd Jøsang, til å delta frå Fiskarlaget Vest i møte med Fiskeridirektoratet om saka.»

**SAK 27/14 BRUK AV OVERTREDINGSGEBYR.**

**VEDTAK:**

“Styret i Fiskarlaget Vest viser til at det for ei tid tilbake blei innført praksis med bruk av overtredingsgebyr frå forvaltinga ved mindre overtredinga i staden for at fiskarane skulle bli straffeforfulgt.

Styret ber om å få oversendt statistikk for dei 10 siste åra frå Fiskeridirektoratet over kor mange pr. år som er blitt anmeldt, straffa samt fått utstedt overtredingsgebyr innan fiskerinæringa fordelt på saksfelt t.d. feilrapportering av fangst utover 10%-regelen.

Ein ber om snarleg tilbakemelding.”

**SAK 28/14 REGULERING/KVOTEFASTSETJING AV TOBIS 2014.**

(Sak frå Eigersund og Sokndal Fiskarlag)

**VEDTAK:**

«Styret i Fiskarlaget Vest viser til dykkar vedtak i sak 12, 05.04.14, vedkomande ovannemnde sak.

Styret i Fiskarlaget Vest viser til at Fiskeri- og kystdepartementet nyleg har foretatt ei evaluering av modellen med områdeforvalting av tobisfisket der dei fann å ville fortsetje med områdeforvaltinga.

Styret finn etter ei heilheitsvurdering å ville støtte prinsippet om områderegulering av tobisen.

I høve kvoten for 2014 finn styret å ville avvente resultatet frå Havforskningsinstituttet sitt tokt, som skal føregå i desse dagar.»

**SAK 29/14 REGULERING AV ØYEPÅL 2014**

(Sak frå Eigersund og Sokndal Fiskarlag)

**VEDTAK:**

«Styret i Fiskarlaget Vest sluttar seg til følgjande vedtak frå Eigersund og Sokndal Fiskarlag i sak 14, 05.04.14, og ber Norges Fiskarlag følgje opp saka:

**«Sak 14: Regulering av øyepål 2014 – forlengelse av sesong**

«Eigersund og Sokndal Fiskarlag vil vise til årsmøtevedtak 2013 fra oss om å få forlenget sesongen for øyepålfiske i 2014. Kvoten som er fastsatt for 2014 er stor og med erfaringen fra 2013, der mesteparten av årskvoten ble stående ufisket, mener vi at det må tillates fisket etter øyepål ut desember måned i 2014.

Vi ber Fiskarlaget Vest ta denne saken opp med Norges Fiskarlag.»»

**SAK 30/14 MINERALOLJEAVGIFTEN – REVIDERT NASJONALBUDSJETT.**

(Sak frå Eigersund og Sokndal Fiskarlag)

**VEDTAK:**

«Styret i Fiskarlaget Vest sluttar seg til følgjande vedtak frå Eigersund og Sokndal Fiskarlag i sak 3, 05.04.14, og ber Norges Fiskarlag følgje opp saka:

**«Sak 3: Mineraloljeavgiften – revidert nasjonalbudsjett**

«Eigersund og Sokndal Fiskarlag vil vise til at mineraloljeavgiften er økt i 2014 i forhold til 2013. Dette som et resultat av drøftingene mellom Høyre, Fremskrittspartiet, KRF og Venstre under forhandlingene om ny regjering høsten 2013. Selv om refusjonsbeløpet er økt, er likevel den totale utgift økt med 6 øre pr. liter.

Fartøy som driver fiske med trålredskap er dermed spesielt berørt av dette. I vårt disrikt er dette særlig reketrålere og pelagiske trålere det gjelder.

Da driftsutgifter går til fratrekks av bruttofangst før lottoppgjør, utgjør denne økningen et direkte inntektstap for den enkelte fisker og kan medføre i verste fall et inntektstap på kr.10- til 15000.

Vi mener at denne saken bør tas opp til behandling under revidert nasjonalbudsjett i vår, med det formål å få øket refusjonsbeløpet med 6 øre pr. liter. Vi ber Fiskarlaget Vest ta denne saken opp med Norges Fiskarlag for å få dette gjennomført.»

**SAK 31/14 FORUREINING FRÅ OPPDRETT – M.A.PELLETS I SEI.****VEDTAK:**

«Styret i Fiskarlaget Vest viser til at det kvart år blir utarbeidd ei «Risikovurdering, norsk fiskeoppdrett» frå Havforskningsinstituttet.

Øg for 2013 konkluderer Havforskningsinstituttet med at:

*«Smittepress av lakselus og genetisk påvirkning av rømt oppdrettslaks vurderes fremdeles som de mest problematiske risikofaktorene knyttet til lakseoppdrett.»*

Ein skriv i tillegg m.a.:

«Det er store utslipp av nitrogen og fosfor frå norske matfiskanlegg, men disse utgjør likevel et relativt lite bidrag av den totale mengden næringssalter i kystvannet. Det mangler overvåkingsdata når det gjelder effekter av næringssalter langs store deler av kysten, sjølv om en del nye program er i oppstarsfasen. Undersøkelser i to oppdrettsintensive regioner, Rogaland og Hardangerfjorden, viser imidlertid at vannkvaliteten er god til meget god. Saman med ulike modellbetrakninger tyder dette på lav risiko for regional påvirkning av næringssalter frå oppdrett langs kysten.

...Lokale effekter av næringssalter og organiske materiale kan påvises nær matfiskanlegg....Konsekvensene av slik lokal påvirkning er likevel vurdert som små og reversible, så lenge det er mindre areal som blir berørt. Det må tas forbehold om at det kan finnes særlige sårbare eller verneverdige habitater som koraller, svampsamfunn, ålegress, løsliggende kalkalger og rike skjellforekomster i nærheten av oppdrettsanleggene som kan ta permanent skade.

...store doser teflubenzuron gav både dødelighet og senskader på hummeryngel, men en mangler data på effekter knyttet til langtidseksposering av krepsdyr for lave konsentrasjoner.

...Matfiskanlegg med laks og regnbueørret tiltrekker seg annen fisk og kan påvirke vandringsatferd, fangbarhet, utbredelse, fødeopptak og kvalitet hos villfisk. En del fisk, som sei, kan oppholde seg lenge ved anleggene og spiser spillfôr i perioder, gjerne i kombinasjon med beiting på naturlige byttedyr, som også kan samle seg der. I hovudsak har en imidlertid ikke påvist store endringer i kvalitet på villfisk nær oppdrettsanleggene i kontrollerte studier.»

Styret i Fiskarlaget Vest viser til «Ryfylkeprosjektet» der m.a. Havforskningsinstituttet, NOFIMA, oppdrettarar og fiskarar undersøkte, med m.a. lyttebøyar og merking, korleis seien i området vandra.

Fiskarlaget Vest fekk ein god dialog med oppdrettsnæringa om saka, der ein m.a. var einige om at Vestnorsk Havbrukslag, alternativt oppdrettar direkte, måtte få beskjed om fiskarane fekk mykje pellets i seien, og evt. anna fisk.

Styret har eit inntrykk av at fiskarane gjev beskjed direkte til oppdrettar, og at oppdrettar spør fiskarane som fiskar nær oppdretta.

I einskilde tilfelle har òg administrasjonen i Fiskarlaget Vest fått melding om mykje pellets i sei, og ein har dermed gjeve beskjed til Vestnorsk Havbrukslag om at dei må informera vidare til oppdrettarane i det aktuelle området.

I pressemelding av 01.04.14, «Regjeringen vil sikre vekst og konkurransekraft i havbruk», står det m.a.:

«En næring som bidrar til viktige arbeidsplasser langs kysten og store inntekter til landet....»

Ein konstaterer at havbruksnæringa er kome for å bli, og det er viktig for fiskerinæringa å ha god dialog med dei.

Det er viktig at oppdrettsanlegga ikkje blir plassert slik at dei er til hinder for utøving av fiskeri, t.d. i trålfelt, gytefelt osb..

Fiskarlaget Vest har med m.a. følgjande i sine uttale vedkomande oppdrettsanlegg:

«Fiskarlaget Vest meiner òg at styresmaktene må **definere** kva som er **akseptabel negativ påverknad** frå oppdrettsnæringa på anna næring, her **villfisk**. men ikkje berre vill laksefisk.»

Styret i Fiskarlaget Vest meiner at det er viktig at styresmaktene **definerer** kva som er **akseptabel negativ påverknad** frå oppdrettsnæringa på anna næring. Det gjeld næringssalter, og kanskje spesielt bruk av kjemiske avlusingsmidlar.

Styret i Fiskarlaget Vest ber Norges Fiskarlag ta ovannemnde opp med fiskeristyresmaktene.»

#### **SAK 32/14 PÅLAGT RAPPORTERING AV REISKAP I FISKE ETTER BREIFLABB OG BLÅKVEITE.**

##### **VEDTAK:**

«Styret i Fiskarlaget Vest viser til utøvelsesforskriften § 30, «Rapportering ved fiske med faststående reiskap og fløytleine» der det står:

«Fartøy som driver fiske med faststående redskap og fløytleine nord for 62° N utenfor grunnlinjene, fartøy som driver garnfiske etter blåkveite nord for 62° N og fartøy som driver garnfiske etter breiflabb skal rapportere til Kystvaktsentralen (tlf. 07611) om følgende:

- a) setting av redskap
- b) opphaling av redskap ved avslutning av fiske»

Styret i Fiskarlaget Vest viser til innspel frå medlem om saka. I den samanhengen vil ein vise til styrevedtak i sak 52/12, «Regulering av fisket etter kveite og breiflabb», sålydande:

**«Punkt 3.7, «Rapportering ved fiske etter kveite»**

Styret i Fiskarlaget Vest er einig med fiskeristyresmaktene i at «det innføres rapportering ved fiske etter kveite tilsvarende som for fiske etter breiflabb, jf. utøvelsesforskriftens § 30.»

Ein går òg inn for at garn- og linefartøy fortsatt skal vere unntatt frå rapportering per fiskeoperasjon.»

Styret i Fiskarlaget Vest går dermed fortsatt inn for rapportering av reiskap i fisket etter breiflabb.»

**SAK 33/14 REGULERING AV FISKET ETTER TORSK NORD FOR 62°N, OPEN GRUPPE – EKSTRAKVOTE I «VIRKEOMRÅDET TIL SAMETINGETS SØKERBASERTE TILSKUDDSORNDING»****VEDTAK:**

“Styret i Fiskarlaget Vest viser til at båtar, med største lengde 10-10,99 m, i open gruppe fekk tildelt ein garantert kvote av torsk nord for 62°N, frå årets start, på 24 t, medan ein i virkeområdet til Sametingets søkerbaserte tilskuddsornding fekk 36 t, dvs. at ein i «verkeområdet» har 50% meir kvote enn elles i landet.

Då det blei fastsett maksimalkvotar (24.03.14) fekk ein i «verkeområdet» tillegg på 10% for den same gruppen.

04.04.14 blei det innført ei ekstra maksimalkvote for «verkeområdet» på 48 t for denne gruppa, medan ein i resten av landet var henvist til å fiske den garanterte kvoten på 24 t.

Styret i Fiskarlaget Vest finn det heilt urimeleg at ikkje heile landet skal handsamast likt i reguleringssamanheng.”

**SAK 34/14 REKNESKAP 2013, FØREBELS.****VEDTAK:**

“Styret i Fiskarlaget Vest tar oversikten til orientering.”

**SAK 35/14 REKNESKAP PR. 13.04.2014, FØREBELS.**

**VEDTAK:**

“Styret i Fiskarlaget Vest tar oversikten til orientering.”

-----  
Nestleiar Mons Eivind Troland forlot møtet kl. 1555.  
-----

**SAK 36/14 AUKA BEMANNING PÅ KONTORET?**

**VEDTAK:**

«Styret i Fiskarlaget Vest gjev leiar, i samarbeid med dagleg leiar, fullmakt til å tilsetje/leige inn kontorhjelp innanfor 30%-stilling.»

**SAK 37/14 REKNESKAPSFØRING – VISMA?**

**VEDTAK:**

«Styret i Fiskarlaget Vest finn det mest hensiktsmessig at rekneskapet fortsatt blir tatt hand om av administrasjonen i laget.»

**SAK 38/14 REPRESENTASJON.**

- **Møte med Ocean Forest, 17.03.14, Bergen.**  
Leiar Kåre Heggebø og dagleg leiar Britt Sæle Instebø deltok
- **Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger – Program for temasamling sjøtransport og maritim næring, 26.03.14, Haugesund.**  
Sammy Olsen, leiar i Sunnhordland Fiskarlag deltok.
- **Møte vedk. ny forskrift for forvalting av tang og tare i Rogaland, 26.03.14, Haugesund.**  
Ingen deltok.
- **Austevoll ungdomsskule, 9. klasse, 02.04.14, Austevoll.**  
Dagleg leiar Britt Sæle Instebø deltok.

- **Årsmøte i Rogaland Fiskesalgsdag 04.04.14, Stavanger.**  
Leiar Kåre Heggebø deltok.
- **Årsmøte i Vest-Norges Fiskesalsdag, 10.04.14, Florø.**  
Dagleg leiar Britt Sæle Instebø deltok.
- **Møte med Fjell kommune vedkomande kommuneplanen – oppdrett, 22.04.14, Fjell.**  
Styremedlem i Øygarden og Sotra Fiskarlag Jakob Magnar Jakobsen og dagleg leiar Britt Sæle Instebø deltok.

**VEDTAK:**

“Styret i Fiskarlaget Vest tar ovannemnde representasjon til etterretning.”

**SAK 39/14 OPPNEMNING**

- **Årsmøte i Pelagisk Forening, 24.04.14, Bergen.**  
Leiar Kåre Heggebø og dagleg leiar Britt Sæle Instebø deltar.
- **Ope høyringsmøte vedk. Reguleringsplan for Vats- og Yrkefjorden, 29.04.14, Vindafjord.**  
Leiar Kåre Heggebø deltar.
- **Årsmøte i Tysvær Fiskarlag, 30.04.14, Lindanger Bygdehus.**  
Leiar Kåre Heggebø deltar.
- **Årsmøte i Øygarden og Sotra Fiskarlag, 30.04.14, Ågotnes.**  
Dagleg leiar Britt Sæle Instebø deltar.
- **Årsmøte i Norges Sildesalgsdag, 14.-15.05.14, Alta.**  
Dagleg leiar Britt Sæle Instebø deltar. (Fleire frå styret, inkl. leiar, deltar på årsmøtet.)
- **Årsmøte i Austevoll Fiskarlag, 20.05.14, Austevoll.**  
Nestleiar Mons Eivind Troland og dagleg leiar Britt Sæle Instebø deltar.

**SAK 40/14 FISKARPENSJON – PERIODE FOR UTTAK, ETTERLYSING AV SVAR.**

**VEDTAK:**

“Styret i Fiskarlaget Vest viser til følgjande vedtak i sak 48/12, 03.10.12:

«Fiskarpensjonen er i utgangspunktet tenkt som ei tilleggsinntekt når du trappar ned som fiskar .Etter dagens reglar blir fiskarpensjonen automatisk utbetalt når du blir 60 år til du er 67 år.

Nokon av fiskeria er svært arbeidskrevjande, og for desse kan det vere aktuelt med tidlegare nedtrapping/pensjonering enn 60 år, og dermed trang for utbetaling av fiskarpensjonen.

Mange fiskarar står òg lenger i fullt arbeid enn 60 år, slik styresmaktene oppfordrar folk til.

På bakgrunn av ovannemnde meiner styret i Fiskarlaget Vest at fiskarane sjølv må kunne bestemme kor tid dei vil ha utbetalt fiskarpensjonen.

Styret i Fiskarlaget Vest ber Norges Fiskarlag følgje opp ovannemnde problemstilling m.m..»

Styret i Fiskarlaget Vest kan ikkje huske å fått noko svar på ovannemnde, og etterlyser med dette svar på om det er gjort noko med saka frå Norges Fiskarlag si side.”

**SAK 41/14 ÅRSMØTE I 2015.**

**VEDTAK:**

“Styret i Fiskarlaget Vest finn å ville arrangere årsmøtet i 2015 i perioden 23.-24.04.15 på Rica Maritim Hotel i Haugesund.

Ein ber administrasjonen innhente tilbod.”

**SAK 42/14 OPPFØLGING AV LOKALLAG.****VEDTAK:**

"Styret i Fiskarlaget Vest konstaterer at det er ikkje alle lokallaga som har avhalde årsmøte kvart/annakvart år.

Lokallaga er viktige for organisasjonen, spesielt i høve til handsaming av lokale kommuneplanar i sjø, opprettssaker, reguleringsplanar osb.

For at flest mogeleg medlemer i lokallaget skal få informasjon om slike saker, og dermed ha mogelegheit til å uttala seg til lokallaget/oss, har ein i fleire av lokallaga mailadresser til mange av medlemene. Administrasjonen har fått positive tilbakemeldingar på ordninga.

Ein har òg kontaktpersonar frå ulike område/fiskeri, som blir kontakta av administrasjonen ved handsaming av slike saker.

Styret i Fiskarlaget Vest føreslår at:

- Kvitsøy Fiskarlag enten slår seg saman med Stavanger og Omegn Fiskarlag eller Bokn Fiskarlag.
- Bergen Fiskarlag slår seg saman med enten Nordhordland Fiskarlag, Øygarden og Sotra Fiskarlag eller Midthordland Fiskarlag.
- Utsira Fiskarlag slår seg saman med Karmøy Fiskarlag eller Tysvær Fiskarlag, eller blir direktemedlemer i Fiskarlaget Vest.
- Røvar Fiskarlag blir lagt ned, og medlemen blir overført som direktemedlem i Fiskarlaget Vest.

Styret ber leiar, og eventuelt dagleg leiar, delta på flest mogeleg av årsmøta, spesielt i dei regionane der det har vore liten aktivitet.

Eit alternativ er òg å arrangere regionmøte for å få opp aktiviteten, og mogelegheita til dialog med fiskarane.

Ein ber administrasjonen, eventuelt i samarbeid med leiar, følgje opp saka."

**SAK 43/14 ORIENTERINGSSAKER.**

- Arbeidet med organisasjonsutvalet, som blei vedtatt på landsmøtet.

**VEDTAK:**

«Styret tar ovannemnde til orientering.»

**SAK 44/14 ADMINISTRATIVT HANDSAMA SAKER.**

Følgjer vedlagt protokollen som eige dokument.

**VEDTAK:**

“Styret i Fiskarlaget Vest tar vedlagde liste over administrativt handsama saker til orientering.”

**SAK 45/14 REFERATSAKER.**

Følgjer vedlagt protokollen som eige dokument.

**VEDTAK:**

“Styret i Fiskarlaget Vest tar vedlagde liste over referatsaker til orientering.”

**SAK 46/14 REGLAR VED LEVERING AV FISK UTANOM OPNINGSTIDENE –  
VIDARE HANDSAMING.**

**VEDTAK:**

“Styret i Fiskarlaget Vest er kjent med at det i lengre tid har vore jobba med Fiskeridirektoratet i høve å få endra reglane ved levering av fisk utanom opningstidene til mottaka, utan at det har lukkast.

Det er kome endringar i regelverket, men det er fortsatt ikkje tilfredsstillande i høve fiskarane sin kvardag.

Det er ofte små lokale mottak fiskarane leverer til. Fiskarane veit nokolunde kor mykje fisk dei har i kvar kasse, og vil reagere ovanfor mottaket om ein ikkje får på seddelen det ein har levert.

Tala på sedlane vil dermed bli så rett, som dei kan bli.

Styret i Fiskarlaget Vest ber Norges Fiskarlag ta saka direkte opp med Nærings- og Fiskeridepartementet snarast, då det ikkje ser ut som om Fiskeridirektoratet er i stand til å finne tenlege løysingar på saka.”

**SAK 47/14 BRUK AV LEPPEFISKTEINER VED ELVEMUNNINGAR.****VEDTAK:**

«Styret i Fiskarlaget Vest er kjent med at det ved einskilde elvar er forbodssoner for alt fiske heile året, jf. m.a. «Forskrift om fredingssoner og nedsenking av garn i sjø, Rogaland», FOR-2004-04-29-694 på Lovdata.

Styret i Fiskarlaget Vest finn det heilt urimeleg at det ikkje skal vere lovleg å kunne nytte leppefiskteiner innafor forbodssonene ved elvemunningane då ein ikkje kan sjå at det er noko fare for at villaksen vil gå i slike teiner.

Ein ber Norges Fiskarlag følgje opp saka snarast.»

**SAK 48/14 BEMANNINGSFORSKRIFTA – PURRING AV SAKSHANDSAMING.****VEDTAK:**

«Styret i Fiskarlaget Vest viser til følgjande brev av 06.03.14, «Bemanningsforskrifta», til Norges Fiskarlag:

«Styret i Fiskarlaget Vest hadde ovannemnde oppe som sak 13/14 på sitt telefonstyremøte 28.02.14.

Styret i Fiskarlaget Vest er kjent med at det i Sjøfartsdirektoratet blir arbeida med endring i praktiseringa i høve til bemanning/kviletid for fiskeflåten.

Styret er kjent med at det for andre land rundt Nordsjøbassenget er unntak frå kviletidsbestemmelsane for fiskefartøy (Sverige), og andre stader unntak for fiskeskippere (Danmark).

Ein forutset at størrelsen på sikkerhetsbemanning på dei ulike fartøystørrelsane blir vurdert likt rundt Nordsjøbassenget.

Styret i Fiskarlaget Vest ber Norges Fiskarlag snarast ta tak i saka, og arbeide for at fiskeskipper/fiskefartøy i Norge ikkje får strengare reglar (ikkje blir handheva strengare) enn nabolanda i høve m.a. bemanning/kviletid. Dette av di krav til størrelsen på besetninga grip direkte inn i konkurransesett til dei fartøya det gjeld.»

Styret i Fiskarlaget Vest etterlyser kva som er gjort i saka, da ein meiner at det er svært viktig at Norges Fiskarlag er på banen no i denne saka.»

#### **SAK 49/14 FORNYING AV SERTIFIKAT - PURRING AV SAKSHANDSAMING**

##### **VEDTAK:**

«Styret i Fiskarlaget Vest viser til følgjande brev av 06.03.14, «Oppgradering av sertifikat - kurs», til Norges Fiskarlag:

«Styret i Fiskarlaget Vest hadde ovannemnde oppe som sak 14/14 på sitt telefonstyremøte 28.02.14.

Ein har fått opplyst at ein treng m.a. følgjande for å oppdatere frå STCW – 95 til STCW-78 med Manila endringar i 2010:

##### Kurs for Dekksoffiserer:

ECDIS.

AIS.

BRM.

Oppdateringskurs på sikkerhetsopplæring og medisinsk behandling.

##### Kurs for Maskinoffiserer:

ERM.

Høyspentkurs.

Oppdateringskurs på sikkerhetsopplæring.

Styret i Fiskarlaget Vest er positive til oppdatering innan sikkerhetsopplæring og medisin, men ein stiller seg svært spørjande til om det er naudsynt med mange timer kurs i m.a. AIS, ECDIS og BRM/ERM for dagens fiskarar.

Oppdateringskursa vil vere både tid- og kostnadskrevjande, i tillegg til at dei fleste har erfaring med bruk/ikkje har krav om dei systema (ECDIS) på det fartøyet ein arbeider.

Ein meiner at slike kurs heller bør inngå i utdanninga av nye offiserar/fiskarar.

Ein ber Norges Fiskarlag følgje opp saka.»

Ein viser til vedlagde melding av 16.04.14 frå Søfartens Ledere vedkomande  
«Udskiftning af sønæringsbeviser» i Danmark.

Styret i Fiskarlaget Vest etterlyser kva som er gjort i saka, da ein meiner at det er svært viktig at Norges Fiskarlag er på banen no i denne saka.»

-----

Møtet var slutt kl. 1835.

Kåre Heggebø  
Leiar

Mons Eivind Troland

Knut Arne Torget

Helge Olav Vikshåland

Daniel Stenevik

Jarle Glesnes

Frank Midtbø

Britt Sæle Instebø,  
sekretær